



Medlemmar og varamedlemmar i FAU 2018-2019

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2214 - 19/4962

Saksbehandlar:

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

turid.sporsheim.tvedt@lindas.kommune.no

Dato:

14.02.2019

Referat frå møte i FAU

Desse møtte: Anette Myhr, Bente T Kjøpstad, Mariann Reikerås, Silje Dale, Elisabeth Tverfjell

Desse meldte forfall:

Marianne Lid, Linda Rød, Turid S. Tvedt

17-18/19: Godkjenning av sakliste:

Sakliste godkjend

18-18/19: Evaluering julefest 20 desember.

Mariann som konferansier ønska ei liste med meir detaljert informasjon om innhaldet i programmet. Det hadde da vore lettare å presentert dei enkelte innslaga.

Stasjonane gjekk greitt, det var nok mat, og arrangementet gjekk i pluss økonomisk.

Julenissen meldte avbod ganske seint, men det ordna seg.

Hugs å legge matter over kabelen til juletreet (Turid gjorde det i full fart når juletreet blei rulla ut)

Endeleg konklusjon blei at det vart ein fin og vellykka juletreffest.

19-18/19: Temakveld

- Jannicke helsesjuepleier synes temaet som vart ønska av FAU blei for omfattande for henne å holde foredrag om (overgrep) , så ho ønska ikkje delta. Anette hørde difor med fleire alternative.
- Smiso- ikkje svart på henvendingar.
- Stine Sofie stiftelsen. Kostnad 15000 med dagsopplegg med full dag for eleva, samt eit opplegg på ettermiddag/ kveld for føresette. I tillegg kjem reise, kost og overnatting. Det skulle være mogeleg å dele opp programmet så det vert mindre omfattande og rimelegare. Her har dei ikkje gitt pris. Dette vert for kostbart for FAU Kløvheim aleine, men det kan bli aktuelt om FAU på andre skuler vil delta og dele kostnaden. Anette hører med FAU Eikangervåg og Ostereidet om dei er interesserte. Det blir då eventuelt kunn ettermiddagsopplegg og ikkje opplegget med elevane grunna logistikk (å køyre to skular til ein tredje)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Politiet kan stille med Svein Arne Hatlevik og snakke om rus, alkohol og generell grensesetjing av born og ungdom. Han tenkjer å bruke omtrent ein klokke time om det ikkje kjem mykje spørsmål. Dette vil ikkje koste FAU nokke.
- Mobbeombodet i Hordaland ville gjerne kome, men dei har det for travelt i vår. Kan eventuelt kome til hausten igjen. Har ikkje fått pris på dette. Evt. høyre med foreldreopplæringa for grunnopplæringa.
- Anette skal høyre med Jannicke igjen om ho er interessert i å halde foredrag om eit mindre tema, eksempelvis tegn born kan vise ved overgrep.

Vi kjem tilbake til dato for foredraget når meir er på plass.

20- 18/19 Ymse

- Ingen nye ikkje innmelde sakar kom opp
- Innmeld sak om dugnad på blåbærtoppen (sjå neste sak)

21-18/19

Dugnad på blåbærtoppen

Bakgrunnen for denne saka var at Elisabeth fekk innspel frå Norunn på skulen om det var greitt at dei rydda eit mykje brukt område i skogen for litt tre og kratt da det veks att. Det vart også snakka litt om at det kanskje hadde vore kjekt å ha noko ein kan sitje under på regnversdagar. Elisabeth har etter dette samtala med barnehagen som også bruker området mykje, og også dei har hatt ønskje om å ha noko å sitje under, som ein gapahuk eller liknande. Dei har også ønskje om at bålplassen oppgraderast litt samt at dei gamle benkane som byrjar å rotne kan byttas ut. Dei vil gjerne delta på å setja området i stand, og kan bidra økonomisk og med dugnad.

Elisabeth høyrdde også med Kløvheim Bygdela g v/ Bernt Olav Fjellanger, og han var svært positiv til at også bygdela get kan bidra til eit slikt prosjekt. Dette vil bli tatt opp som sak i bygdela get.

FAU på Kløvheim skule er positive til å bidra på dette innspelet, og ønskjer å ha dette prosjektet som dugnad i år.

Med helsing

Elisabeth Lohne Tverfjell

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmar og varamedlemmar i
FAU 2018-2019